

ISRAEL II

av

MAGNE SOLHEIM

*Første del av denne artikkel sto i NOTM
1962 (nr. 3) s. 142ff.*

Staten Israel er berre omlag 20 000 kvadratkilometer og halve landet — frå Bersjeba til Eilat — er ei øydemark.

Det bur no over 2 millionar jødar i landet. Folketeljinga i mai 1961 synar at det i Israel lever 170 830 muhamedanarar, 24 282 drusar, 50 543 kristne (omlag 85 % av dei kristne er arabisktalande) og 1479 andre av ymse folk. (Drusarane er eit arabisktalende folk, storparten bur i Syria og i Libanon. Dei går aktivt inn for Israel si sak.)

Eg skal ikkje her gå nærrare inn på den veldige økonomiske ekspansjonen som har gått for seg i Israel, men landet held på og skifta andlet. Nakne fjellsider veks til med skog, sumpland og ørkenstrok har vorte omvandla til grøderikt land. Byar veks fram osv.

Sidan staten Israel vart proklamera i 1948 har folketalet vaksse med 250 %. Til landet har det kome folk frå omlag 80 land i verda. Det er verd å merka seg at frå den vestlege verda har det kome få jødar til landet. — I Amerika har det vore mange store talsmenn for sionismen. Med ironi seier Ben Gurion at ingen av dei har synt sin sionisme i praksis og har flytta over til Israel. Talet på amerikanske jødar i Israel er knapt meir enn 6000. Det har kome omlag 30 000 amerikanske jødar som har vendt tilbake til Amerika. Livet i Israel var for vanskeleg og for tungt.

Dei fleste jødar som har kome til Israel, har kome tomhendte. Det er folk i naud som kjem til Israel for å leva som frie menn

og kvinner. Livet i det nye landet er for dei fleste eit liv i hardt slit og arbeid. Det er ikkje uvanleg å høyra: «For oss er det tungt og hardt, men det skal verta lettare for våre born.»

Den første tida strøymde det inn flyktningar frå Europa, ei tid 30 000 kvar månad, og overalt vaks det opp store teltlæggarar. Frå tid til tid har kommunistlanda, med unntak av Russland, late jødar få komma ut, og hadde jødane i desse landa fått lov å vandra ut slik som dei ville, så ville straumen til Israel vorte uhorveleg stor. Ei tid kom det mange jødar frå Marokko, men so vart grensene stengde. 40 % av jødane som har kome til Israel er fra Asia og Nord-Afrika. Dei to eldste jødiske samfunn i verda har kome til Israel så og seia fullt og heilt. — På sydspissen av den arabiske halvøya ligg den vesle staten Jemen. Der har det budd jødar i over 2500 år. Ingen veit kva tid eller korleis dei kom dit. Like etter staten Israel vart grunna vart omlag 40 000 jemenitiske jødar førde til Israel med fly. Nokre tusen som seinare vart oppdaga kom i 1956. I Irak har det budd jødar som reknar seg som etterkomrarar av dei som kom dit under det babylonske fangenskap. I juli 1951 tok den store evakuering til med fly over Kypros til Israel. Omlag 110 000 irakenske jødar kom på den måten. Mange av dei hadde vore velståande og var kulturelt høgståande, men no kom dei med to tomme hender.

Israel er den store smelteovnen der jødar fra den vide verda atter skal verta eitt folk, men denne prosessen er på ingen måte lett og utan lidingar. Språk, kultur, tradisjon og religion sett djupe skilje. Stor er skilnaden på dei europeiske eller vesterlandske jødane på den eine sida og dei orientalske på den andre sida. Med orientalske jødar meiner ein vanlegvis jødar frå Nord-Afrika og Asia. Dei fleste har liten eller ingen kontakt hatt med vesterlandsk kultur. Dei har levd under muhamedanarvelde og ber merke av det. Ofte har dei også vore underkua. Då dei orientalske jødane tok til å koma til landet, måtte Israel i all hast laga ei lov som forboud polygami og barneekteskap. Det var ikkje uvanleg at desse jødane kom med fleire koner. Kjøp og sal av koner var også vanleg. Jeme-

nitane gifta bort (selde) døtrene sine som mindreårige. Giftealderen for kvinner er no 17 år og polygami er forbode, men dei som har fleire koner får ha dei. Det same gjeld for muhamedanarane.

Dei orientalske jødane er i hudfargen mørkare enn dei vesterlandske og vert av desse ofte kalla «dei svarte», og ulikskapen er ofte så stor at det vert friksjonar både på den eine og andre måten dersom dei kjem for nær ein annan. Men det er forvitneleg å sjå korleis dei unge som veks opp i Israel veks saman. Men det vil sikkert ta lang tid før skilje mellom dei ymse folkegrupper vert jamna ut. Dei orientalske jødane har fleire born enn dei vesterlandske og i dag er borna til dei orientalske jødane i fleirtal i landet. Det har også kome jødar fra India til Israel. Dei ser heilt og fullt ut som indarar og ingen som ser dei vil finna på og rekna dei som jødar. Indiske kvinner har ved giftermål gått opp i det jødiske samfunnet i India og soleis sett sitt merke på jødane der.

Når ein ser avisene som kjem ut i landet, merkar ein kor språkklovd folket er. Ein ser aviser på hebraisk og arabisk, men det kjem også ut aviser på dei fleste europeiske språk. Hebraisk og arabisk er dei offisielle språk i landet, og eitt av dei store under i vår tid er ikkje berre at jødar som var spreidde over heile verda tek til å byggja og bu i sitt gamle fedreland, men at hebraisk etter har vorte eit levande språk. Det er ikkje berre eit språk som nye immigrantar har lært med stor møda, men det er det levande målet for den nye generasjonen.

Israel vil vera ein demokratisk stat, men det er ikkje alltid så lett å gjennomføra demokratiet i praksis. For jødedomen med sine lover og normer for livet var utforma lenge før det moderne demokratiet. — Det har til denne tid vore umogeleg å gje landet ei grunnlov. Då grunnlovsspørsmålet kom opp i det første parlamentet (knesset), sette dei ortodokse jødane seg i mot at ein skulle utarbeida nokor grunnlov. Moselova og «dei gamles vedtekter» skulle vera grunnlov i Israel til alle

tider. Dei ortodokse, lovtrue jødane er i mindretal, men då ikkje noko parti til denne tid har hatt absolutt fleirtal i knes-
set, og det alltid har måtte vera samlingsregjeringar, har dei
ortodokse ofte sikra seg nykkelstillingar i regjeringa, — som
ikkje er levedyktig utan deira støtte. Opposisjonen mot dei
ortodokse er stor i mange lag av folket. Eit stadig stridsspør-
s mål er sabbaten. Det er ikkje ende på kva ein lovtru jøde ikkje
har lov å gjera på sabbaten. Mellom anna har han ikkje lov til
å gå meir enn 2000 alen. Når sola går ned om fredagskvelden,
fell landet til ro. Men det vil ikkje seia at jødane i Israel feirar
sabbaten «etter lova». På sabbaten går det ikkje tog eller
autobussar mellom dei ymse byar og landsdeler. I Jerusalem
og Tel Aviv går det ingen bussar på sabbaten, men drosje-
bilane har ekstra gode dagar. I Haifa og omland går bussane
også på sabbaten. Israels radio har utsendingar på sabbaten.
I det store og heile feirar jødane sabbaten slik som folk ute i
verda feirar søndagen. Det er berre eit mindretal som går til
synagogen og folk flest bryr seg ikkje om sabbatsvedtekten. Ungdomen spelar fotball og driv idrett på sabatten, og om
sumaren dreg folk ut i store skarar for å bada. Dei ortodokse
prøver på alle måtar å bremsa og vil forby både det eine og
det andre. I Jerusalem har sabbatzelotar frå tid til tid med
makt og terror freista å hindra trafikk i gatene på sabbaten,
men dei har berre oppnådd at trafikken vert halden borte frå
ymse gater.

Lova og den nye tid har vanskeleg for å gå saman. Eit tal-
ande døme er sabbatsåret. Kvart sjuande år skal jorda kvila,
det skal ikkje såast og haustast, og det som veks skal vera til
dei fattige. Å gjennomföra dette i Israel er umogeleg. Det inn-
ser også dei ortodokse. Men rabbinarane har funne ein utveg.
Overrabbinatet «sel» heile Israel til ein arabar for ein nominel
pris før sabbatsåret tek til. Det er berre på jord som tilhører
jødar i Israel at sabbatsåret må respekterast. Dei som ynskjer
det, kan så av overrabbinatet få papir på at jorda ikkje til-
hører dei, og då kan dei så og hausta som vanleg. — Hjå
mange hjelper ikkje dette til å styrkja respekten for syna-

gogen, og dei spør korleis den Gud er som dei kan lura på denne måten. Ei ultra-ortodoks gruppe nektar å eta noko som veks på jødisk grunn i sabbatsåret og må få matforsyning frå arabiske bønder.

Eit stridsspørsmål i Israel er kven som er jøde. I Israel må alle borgarar ha identiteteskort og der må dei oppgje kva nasjonalitet dei høyrer til, dvs. jøde, arabar etc. Ein sosialistisk innanriksministar ville slå fast at jøde er den som i god tru vedkjerner seg at han er jøde. Dei ortodokse protestera. Etter rabbinsk lov er den jøde som er fødd av ei jødisk mor (ei kvinne som er fødd som jødinne eller har gått over til jødedomen). Fleirtalet i regjeringa freista å koma til ei kompromissløysing og kom med dette framleggjet: «Jøde er den som i god tru vedkjerner seg å vera jøde og ikkje praktiserar nokon annan religion.» Dette hadde ein serleg brodd mot kristne jødar. Dei ortodokse nekta å godta denne løysinga. I dei siste åra sit dei ortodokse med innanriksministerposten og kan gjenomföra sin vilje. Det er ikkje så få «kristne» kvinner i landet som har fylgt sine menn dit utan formelt å ha gått over til jødedomen. Borna deira kan ikkje verta rekna for jødar utan at mora går over til jødedomen, eller dei må sjølv gå over som proselyttar når dei vert store nok til det. Dette gjeld jamvel om dei har vorte oppseda etter jødisk religion i alle måtar.

Synagogen og godkjende kyrkjer i Israel har eigen jurisdiksjon når det gjeld familieretten. Slik var det etter ottomansk lov i tyrkartida. Den engelske mandatmakta endra ikkje denne lova, og då staten Israel vart proklamera, vart alle lovene som hadde vore gyldige i mandattida automatisk gyldige i den nye staten Israel. — Ingen borgar kan inngå sivilt ekteskap. Alle jødar må verta vidde av ein autorisert rabbinar. Synagogen har også sine eigne domstolar som dømer i skilsmissesaker, arve-saker etc. Eit jødisk ekteskap kan opplystsast berre etter rabbinsk rett. Muhamedanarane er organisera på same måten etter sine lover, og no nylig også drusarane. Dei godkjende kyrkjene har også sine domstolar og alt som har med ekteskap

og familierett å gjera, vert avgjort av dei respektive kyrkjer. Ekteskap mellom folk frå ulike trusamfunn er umogeleg. I tyrkartida var ingen protestantisk kyrkje godkjend. (Protestantane kom seint til landet og vart for det meste utlendingar og hadde sine konsulat der dei kunne inngå ekteskap etc.) Engelskmennene godkjende protestantane de facto, men ikkje de jure. Ein protestantisk prest kunne via eit par, og distriktskomisjonæren godkjende det de jure. I staten Israel har dette falle bort og protestantane er på ein måte utanfor lova. Ein protestantisk prest kan få løyve av religionsministeriet å via folk, men eit slikt ekteskap har ingen heimel i nokor lov. Det er heller ingen instans som kan oppløysa eit slikt ekteskap. Protestantiske jødechristne har hatt det serleg vanskeleg når det gjeld ekteskap. Som kristne vert dei ikkje rekna for jødar, og då dei protestantiske kyrkjene ikkje er godkjende, er det vanskeleg for dei å verta rekna som kristne. — Dersom protestantane ikkje hadde vore oppdelte i så mange kyrkjesamfunn og hadde vore meir samde, ville det truleg lukkast for dei også å oppnå ein status i landet. Frå mange hald er det stor opposisjon mot den ordninga som no råder når det gjeld familierten. Mange krev at det i alle fall bør vera høve til å inngå borgarleg ekteskap og at familierten i det heile bør koma direkte under staten. Men det vil sikkert verta vanskeleg å laga nye lover på dette området. Synagogen vil ikkje gje opp sine retter og ein må rekna med den nykkelposisjon som dei ortodokse har i knesset sålenge ikkje noko parti har absolut fleirtal.

Frå tid til tid vert spørsmålet reist: Kva er og kva vil sionismen? Lenge har slagordet lydt at sionismen vil samla alle jødar som lever i eksil i Israel. Men ekspertane har rekna ut at slik situasjonen er i dag kan landet ta i mot omlag 3 millionar menneske. Det kunne vera plass til mange fleire, men det skortar på vatn. Frå april til desember fell det lite eller ikkje noko regn. Den normale nedbørsmengda, rekna etter dei siste 30 år, er: Eilat (heilt i sør) 30 mm, Bersjeba 200 mm, Tel Aviv 519 mm, Haifa 590 mm, Jerusalem 487 mm. Det vert no arbeid

intenst med å finna ein måte å destilera sjøvatn på slik at det kan nyttast på ein lønsam måte.

Sionistane må difor sjå realistisk på situasjonen og dei seier at Israel si store oppgåve er å vera eit sentrum for jødane i heile verda. Over 10 millionar jødar lever utanfor Israel, om lag halvparten i Nord-Amerika. Når ein talar med jødar ute i verda, så er det påfallande kor lett det er å få kontakt når dei får vita at ein lever i Israel. Sjølv om dei ikkje tenkjer på å slå seg ned der, så har dei interesse for alt som hender der. Det er som dei på ein måte reknar det for sitt land. Det går også mange utsendingar frå Israel til jødane rundt om i verda der dei skal vera kontaktmenn mellom Israel og jødane ute i verda. Mange jødar frå ymse land kjem til Israel ikkje berre som turistar, men ungdomar kjem for å studera der eller for å leva og arbeida der ei tid. På den andre sida fråber t. d. amerikanske jødar seg at Israel skal gjera seg til talsmenn for alle jødar i verda. Dei er først og fremst lojale amerikanske borgarar.

Men kva kan sionismen og Israel by jødane i og utanfor Israel? Det er eit brennande spørsmål, og på dette spørsmålet vert det gjeve ulike svar. Mange synest å vera nøgde med at Israel skal vera ein moderne velferdsstat der jødane og dei andre folk som bur der, kan leva eit fritt liv i gode kår der rettferd skal rå. Israel skal vera eit mönsterland og eit nasjonalt sentrum for alle jødar. Dei fleste jødane i dag har tapt trua på ein personleg Messias. Men det er ikkje uvanleg å høyra at Israel skal oppfylla ei messiansk oppgåve. Israel skal verkeleggjera dei messianske ideal og draumer etc. Dei ortodokse jødane ser med sorg på at Israel på mange måtar er ein verdsleg stat. Nyleg uttala ultraortodokse jødar i Israel at staten Israel er den største hindring for at Messias kan koma.

Det er mange tenkjande menneske som ikkje finn seg til rette under den strenge lovreligionen, men dei vil på ingen måte seia farvel til religionen. Dei ser med uro på utviklinga i landet. For nokre år sidan gav den kjende journalisten og teologen Schalom Ben Chorin ut ei bok (*Die Antwort des Jona*)

der han analysera den åndelege tilstand i staten Israel og i jødeverda. Han ser det slik at Gud i sin nåde har late jødane koma heim att til sitt land, men han spør kva jødane har oppnådd med staten Israel. Han svarar at jødane har oppnådd å verta det dei ikkje skulle vera. Dei har vorte eit folk slik som andre folk, men jødane skulle ikkje vera eit folk som andre folk, men eit Guds folk, eit pakts folk, Guds bodberarar og vitne på jorda. Jødane i staten Israel tek til å skriva og tala hebraisk, men dei tenkjer slik som alle andre folk. Han seier at jødane no har vist ei nyskapande kraft på mange måtar i sitt gamle fedreland, men åndeleg er folket dødt. Synagogen har ingen ting å gje. «Røysta frå Sion» teier og kan ikkje gje noko svar på mennesket sine djupaste spørsmål. Jødedomen sine offisielle vektarar har sjølv vorte til tørre bein som må oppvekkjast av Guds ånd. Ein kan difor ikkje undrast på at folket heldt på å sekulariserast og venda synagogen ryggen. Hans einaste von er at Gud i sin nåde vil senda si ånd over folket og omskapa det. Men korleis det skal skje kan han ikkje seia. Ei trøyst for han er at Bibelen vert lesen i Israel og er komen folket nærrare enn nokon gong.

Vi som lever i Israel, veit at det er mange ting som set skilje mellom dei ymse jødar der, men ein ting har dei som bind dei saman på ein forunderleg måte, og det er Bibelen (GT). Bibelen vert lesen både av ateistar og lovtru jødar. Nyleg tala eg med ein jøde i eit kollektivt bruk der dei korkje har synagoge eller rabbinar eller noko form for gudstenester. Når talen kom inn på Bibelen, vart det sagt: «Det er umogeleg å slå rot i landet utan Bibelen». — Frå Bibelen grep jødane i Israel fram løynde skattar. Der finn dei sitt klassiske språk. Der finn dei si soge som folk i eige land og mykje meir. Når dei les Bibelen kjenner dei seg på heimleg grunn på meir enn ein måte. Opptil 30 % av tida på skulane kan gå med til Bibel-undervisning (berre religiøse skular har religionsundervisning). Både gutter og jenter må gjera militærteneste og alle får dei ein Bibelen (GT).

Rundt i landet er det mange bibelstudiegrupper, og kvart år møtest folk av alle lag i folket til ein 3-dagars bibel-studie-

konferanse i Jerusalem. I april 1962 var omlag 3000 menneske samla til denne konferansen. Mellom foredragshaldarane var statsministaren Ben Gurion. I 1958 og 1961 vart det halde internasjonale bibel-konkurranser i Jerusalem. Men før den internasjonale konferansen vart det halde ein nasjonal konkurranse der representanten for Israel vart teken ut. Ein må leva i landet for å skjøna den interesse desse bibel-tevlingane vekkjer.

Det nye testamentet er heller ikkje nokor ukjend bok i Israel. Ein mann med litt høgre daning bør kjenna NT. Ved det hebraiske universitetet i Jerusalem er der ein lærestol i: «Jødedomen i tida av det andre templet». Mannen som har denne lærestolen, har som serleg oppgåve å forelesa i NT. Arkeologar og teologar i Israel har gjeve ut eit stort verdifullt verk på 4 band om GT: «Views of the Biblical World». No er også det 5. bandet om NT kome.

I gamle dagar kunne Bibelen lesast berre under rabbinsk rettleiing og tolking. I dag er det heilt annarleis. — For nokre år sidan tala den gamle åndshøvdingen Martin Buber viktige ord om at ein ikkje burde gå lettsindig om med åndelege verdiar. Han sa at Bibelen vert mykje lesen og sitert i Israel. Men korleis omgåst ein med det heilage bibelordet? Ein journalist som kommentera Buber's ord skreiv: «Misbruket av det heilage bibelordet har hjå oss vorte til ein mani. Profetorda vert ofte avkledd sitt guddommelege innhald og sitert ettersom det passer inn i dagens situasjon». — Utan tvil vert her rørd ved eit ømt punkt. Vi kan berre glede oss over at Bibelen (både GT og NT) vert lesen i Israel. Men ofte må eg tenkja på Fillip og etioparen som sat i vogna og las av profeten Jesaja: «Skjønar du det du les?» spurde Fillip. «Korleis skulle eg kunna det når det ikkje er nokon som rettleier meg,» svara han.

Jødane prentar sjølv GT (til denne tid har det for det meste vore fotokopi av Bibelselskapet si utgåve). Det Britiske og Utenlandske Bibelselskapet saman med Det Amerikanske Bibelselskapet arbeider i Israel. Eg fekk til oppgåva å ta meg av dette arbeidet i den nye staten. Dei første 11 år (til nov. 1961)

selde vi 176 800 Biblar og bibeldeler, for det meste Biblar, på 40 språk. Til 1959 vart alle Biblane importera, men i 1959 lukkast det å prenta ein hebraisk Bibel i Israel. Det er første gongen at ein heil Bibel har vorte prenta i Det Heilage Landet. I 1962 kom Bibelen på hebraisk ut i nytt opplag og denne gongen i 2 format, eit større og eit mindre. Vi har også prenta serskilde utgåver av NT på hebraisk.

Eit vanleg spørsmål er: Korleis steller Israel seg til den kristne kyrkja? — Det er eit faktum at jødane ute i verda ofte berre har møtt ein karikatur av kristendomen. Ordet «kristen» og antisemitt sto ofte for eitt og det same. Nyleg høyrdie eg ein jøde i Israel halda eit foredrag om: «Overvinnning av den kristne antisemittisme». På ein sakleg måte sette han fingeren på dei uhyggeleg mørke flekker i kyrkja si soge.

Den kjende jødiske diktaren Schalom Asch var oppvachsen i Polen. Det biletet han fekk av kristendomen var eit vrengebilete. Så kom han til Amerika, der møtte han ein annan kristendom. Han tok til å lesa NT og skreiv 3 vidgjetne bøker om Jesus, Paulus og Maria. Serleg i den siste boka, Maria, tolkar han ofte evangeliene på ein måte som vi berre kan vera djupt takksame for (på norsk er boka diverre delt opp i fleire band med ulike titlar).

Ved å lesa NT har jødane i det store og heile endra sitt syn på Jesus. Jesus vert i dag stort sett rekna som ein stor jødisk lærar, og det er skrive ein heil litteratur om Jesus av jødar. I dag arbeider det synet seg meir og meir fram mellom jødane at Jesus og kristendomen har ei gudgjeven oppgåve i verda. Jesus var først og fremst send for å føra heidningane inn i Guds rike. Med jødane har Gud gjort ei serskild pakt gjennom fedrene, Abraham, Isak, og Jakob, og framfor alt på Sinai. Israel må vera tru mot denne pakta. Det er også jødar som går så vidt at dei seier at Gud har gjort ei pakt med jødane på Sinai og ei pakt med dei andre folka på Golgata. — Israel (jødane) si oppgåva i verda er å vera eit Guds folk, eit pakts folk og på denne måten vera eit lys i mørket. Israel (jødane)

si oppgåva er ikkje å omvenda ikkje-jødar til jødedomen. Israel (jødane) skal ikkje arbeida mot kyrkja, men saman med kyrkja og ved sida av kyrkja. Slagordet i dag er difor: «Ikkje misjon, men dialog, — samtale». Kyrkja og synagogen skal møtast som likeverdige born av den same Gud og tala med kvarandre og læra av kvarandre. — Nyleg sende ein av dei førande menn innanfor åndslivet i staten Israel eit brev til «Det kristne råd i Israel» (ein organisasjon av protestantiske kyrkjer og misjonar). Han sa at kyrkja no har høve til å leva i broderleg og godt tilhøve til jødedomen, men då må alt som heiter misjon mellom jødar ta ein ende. Ein kan ikkje på same tid leva saman i broderleg samfunn og ha «converts». Grenselinene må vera klare mellom synagogen og kyrkja når dei møtest. Kyrkja skal ikkje gjera noko innhogg på jødisk grunn.

I dei arabiske land der islam råder har den kristne kyrkja det ikkje lett. Ein muhamedanar som vert kristen vert rekna som ein forædar. I Israel derimot har dei arabisktalande kristne og andre full fridom. Israel hadde sikkert ikkje noko imot om alle arabarane vart kristne. Men ein jøde som vert kristen, har gått over grensa til «eit framandt land». I avisene kan en ofte møta usaklege åtak på misjon og på kristne jødar. Same mannen som ba oss slutta med misjon, tok nyleg til ordet mot alle desse usaklege åtak og den måten som ein prøver å kjempa mot misjonen på. Han sa at det minner om nazistane sin kamp mot jødane. I praksis får misjonane arbeida fritt i Israel, men det vert meir og meir vanleg at visa ikkje vert gjeve for utlendingar i misjonsteneste. Visa til nye folk vert gjeve når dei kjem i staden for andre som reiser bort.

Talet på kristne jødar som vedkjenner si tru er ikkje mange, berre nokre hundre. — Ute i verda har dei kristne jødane gått opp i den kristne kyrkja. Dei vart avskårne frå sine eigne og fann sin nye heim i kyrkja. Mange fleire jødar har gått over til kristendomen enn ein vanlegvis reknar med, men det har aldri stade fram nokor jødekristen kyrkja. — I Israel er fåren den at dei jødekristne skal verta oppslukte av den ikkje-kristne jødiske folkemasse som omgjev dei som det store hav.

Vi har all grunn til å gle oss over at jødane gjerne vil møta kyrkja i samtale, og det er mykje som ein kann samtala om. Det gjeld berre for kyrkja å vera tru mot sin herre og sin bodskap. — To gonger, 1958 og 1961, var det ein stor kongress i Jerusalem: «Kongress for jødisk vitenskap». (Judaica.) Der kom det jødiske teologar og arkeologar frå Israel og mange land saman. Men dei hadde også bede inn mange kjende kristne kollegar frå ymse universitet og høgskular i verda, og desse fekk både halda foredrag og ta del i dei ymse drøftingar og diskusjonar. Dei drøfta bibelske, arkiologiske og ymse teologiske spørsmål. Interessant var det at på kongressen i 1958 heldt den kjende israelske arkeologen, Jigal Jadin foredrag om Hebreerbrevet. Han meinte at dette brevet var skrive til ein jødechristen kyrkjelyd som hadde gått ut frå esenarane ved Dødehavet.

Eg er overtydd om at det ville vera ei stor oppgåve for den lutherske kyrkja å ha eit fullt utbygd teologisk fakultet i Jerusalem. Dit skulle kyrkja senda sine beste menn, som sjølv kunne驱ra gransking og også arbeida saman med Det hebraiske universitet. Dei kunne nyta godt av den intense gransking som vert gjort i Israel i dag både på arkeologisk, språkvitenskapelig og teologisk område. Det kunne verta eit studiesentrums for teologar frå den vide verda. Det kunne verta eit sentrum der kyrkja si røyst kunna verta høyrd i Jerusalem og vidare ut. — Katolikkane har institutt i Jerusalem som det står respekt av (sidan 1950 er det eit svensk teologisk institutt i Jerusalem der teologar frå ymse land og serleg fra Sverige kjem for å studera for nokre månader, men det har berre ein mann som fast lærar. Det ville sikkert vera ei oppgåve for svenskane saman med andre lutherske kyrkjer å byggja dette instituttet vidare ut. Det er også eit amerikansk institutt der for det meste amerikanske studentar kjem for å studera ei kort tid).

Mange jødar både i og utanfor Israel fylgjer godt med i det som går for seg i kristen teologi og elles i kyrkja. Då den ortodokse kyrkja hadde sitt store konsil på Rodos hausten 1961 — det første på mange hundre år — var ein representant for

religionsministeriet i Israel til stades der. Same mannen var også til stades på K. V.s generalforsamling i New Delhi. Han kom jamvel med framlegg om at neste generalforsamling skulle haldast i Jerusalem. I aviser i Israel kan ein lesa om det økumeniske konsilet som den katolske kyrkjå skal halda i 1963, og det har vore diskutera om ikkje jødane bør møta fram med ein større delegasjon der.

Det har vore rekna som ei legitim oppgåve, ja som ei plikt for kyrkjå å forkynna evangeliet for alle folk, — også for jødane. Mange jødar seier også at den kyrkjå som ikkje driv misjon ikkje lenger er tru mot sin herre. Ei anna sak er det korleis jødane skal reagera på misjonen innanfor deira rekkrjer. Men i den siste tida kan ein høyra røyster som nektar at kyrkjå har rett til å forkynna evangeliet for jødane. I 1958 heldt den kjende amerikanske teologen Reinhold Niebuhr eit foredrag for jødar i New York. Foredraget vart offentleggjort i det jødiske tidsskriftet CCar. Der seier Niebuhr like ut at det er gale å驱va misjon mellom jødar. Grunnen er at trass ulikskapen mellom jødedom og kristendom, er likskapen så stor at jødane lettare kan finna Gud gjennom sin eigen religiøse arv enn gjennom kristendomen. Kristendomen må for jødane stå som symbol på kulturen til ein majoritet som har underkua dei. — Den kjende danske presten Borchsenius sa nyleg i eit intervju med «*Israel og Evangeliet*» (utgjeve av Den danske Israelsmission): «At forsøge på at omvende jøder til kristendom er at handle mod Guds vilje». — Det er ikkje uvanleg at kjende kyrkjemenn som kjem til Israel uttalar til pressa at dei er imot misjon mellom jødar. Motiveringa kan vera ulik. Her til lands er «Karmel» ein utrøytande talsmann mot all israelsmisjon. Evangeliet skal ikkje forkynnast til jødane av andre enn deira eigne, dei messianske jødar. Karmels syn er truleg utforma i dette sitatet: «Jødene vil ikke bli omvendt ved vanlig misjonsvirksomhet fra kirkens og misjonens side, men ved Herrens eget inngrep, ja, ved Jesu personlige gjenkomst som er meget nær. Gjenreisningen av Israels

rike er intet mindre enn oppbygningen av Jesu kongetrone på jorden. Ut fra Jerusalem og gjennom Israel skal Kongenes Konge herske over jorden i evangeliets fredsrike, som snart vil bli opprettet. Derfor er det så viktig at jødene blir bevart nettopp som jøder og gjenreist som egen nasjon for å beredes til denne sin store rikstjeneste for Kongen, Jesus Messias, som snart kommer.

Israels kristne venner har ikke alltid vært oppmerksomme på at dette er måten Israel skal bli frelst på, og at vi derfor ikke må undre oss over at all jødemisjon etter vanlig hedningemisjons mønster er dømt til å mislykkes, tross stor kjærighet og offervilje som vises i tjenesten.» (Karmel nr. 9, 1956.)

Det eg saknar hjå dei ymse folk som av ulike grunnar er i mot misjon mellom jødane, er ei verkeleg motivering ut frå Guds ord for det syn dei ber fram.

Israel har minoritetar i sitt land. Dei store minoritetsgruppene er muhamedanarar (mest alle arabarar), drusar og arabisktalande kristne (sjå side 222). Over alt i verda har jødane vore i minoritet. I Israel er det omvendt. Det er aldri lett å vera ei minoritetsgruppe i eit land, og det er heller ikkje lett for fleirtalet som har makta i si hand å syna den rette skjønsemdu for minoritetsgruppene. Når ein kjenner til alt som har hendt mellom jødar og arabarar i Palestina, må ein undra seg over at det går så glatt som det går i Israel. Arabarane i Israel har røysterett og 8 års obligatorisk skuleplikt. Materielt sett opplever dei ei økonomisk oppgangstid som dei vel knapt har hatt nokon gong. Dei har representantar i knesset og mange arabarar studerar ved universitetet i Jerusalem. Dei får alderstrygd på same vilkår som jødane, men dei er fritekne for militærteneste. I den seinare tid er det eit frivillig arabisk korps i armeen. Arabarane kan offentleg seia si mening og kritisera styre og stell i Israel, og det vert ofte gjort på ein utvetydig måte. Men arabarane er ein minoritet i et land der «fienden» bur bak grensene. Men dei som bur på den andre sida av grensa er også arabarane sine brødre og åndsfrender.

Dette har sine verknader på mange måtar, men ein kan berre gleda seg over at tilhøva mellom jødar og arabarar i Israel har vorte betre med åra. Det vert dreve misjonsarbeid mellom arabarar både frå katolsk og protestantisk side. Katolikkane har eit godt utbygd skuleverk.

Av dei vel 50 500 kristne i Israel er katolikkane i fleirtal. Det er omlag 10 500 romersk katolske og 19 000 unerte. Den unerte kyrkja var opphaveleg ei ortodoks kyrkje, men i det 17. århundre gjekk denne kyrkja over til Rom, men dei får bruka sitt ortodokse ritual og sitt morsmål i gudstenesta. Det er 800 romersk katolske munker og nonner i landet. Den ortodokse kyrkja tel 17 000 menneske. Den største protestantiske kyrkja er «Den episkopale arabiske kyrkja» (anglikansk) med omlag 1000 medlemmer. Denne kyrkja har 2 prestar, ein i Haifa og ein i Nasaret og har ein skule i Haifa. Det er 50 kristne skular i landet og av desse er det 5 protestantiske misjonsskular (ein av desse arbeider berre mellom arabarar). Protestantane er organisera i «Det kristne råd i Israel». Rådet har ein løna sekretær. Ei av oppgåvene til dette rådet er å gje ut litteratur både på hebraisk og arabisk.

Israel har diplomatisk samband med dei fleste land i verda. Den spende situasjonen mellom England og Israel vara ikkje lenge, og for England er Israel i dag det einaste verkelege faste punkt i Mid-Austen.

Israel har sendt tekniske ekspertar til 65 land i Afrika, Asia og Syd-Amerika. 3000 menn og kvinner frå dei nye statane i Afrika har fått opplæring i Israel i jordbruk, og ymse teoretiske og praktiske yrker. Det er no jamt over 1000 afrikanarar om gongen som får opplæring i Israel, og 900 israelarar arbeider som ekspertar i Afrika. I Tel Aviv er det eit Afrikansk-asiatisk Institutt der folk frå Afrika og Asia får høgre teoretisk opplæring. Mange av statsmennene frå dei nye statane i Afrika har gjesta Israel. Mange afrikanarar som kjem til Israel er kristne og har fått opplæring på misjonsskular i heimlandet. Det styrkjer jødane i trua på at kristendomen har si store oppgåve i verda.